ØYAPOSTEN

Nr. 1 • 2007 Årgang 3 • kr 20,- (fastlandspris kr 25,-) Politisk uavhengig lokalavis for Snilstveitøy og Kalven



© Bjarne Øymyr

Så er her endeleg påske og folksomt i gatene. Vel ikkje akkurat folksamt, men her er folk nok til basar og til lått og løye. Ikkje det at her ikkje er flott utan folk og... men det er no gildt når ein kan diskutera fangsten og konkurrera om største torsken, eller treffa kjensfolk og få ein god drøs når ein tar ein sving innom butikkjen.

Det har vore ein stormfull vinter, så finn ein ikkje igjen pottene eller presenningen kan ein rekna med at det er vinden si skuld. Ein del tre har og måtta gje tapt. Med kraftig vind frå alle kantar og fuktig bakke har fleire tre mista rotfestet. Høgt vatten har her og vore, men vi kjenner ikkje til at det har ført til større skader.

I denne utgåva er Skorpo eit av temaene. Sjølv om det er eit stykke frå Kalvsundet til Skorpo har det vore tette band mellom desse øysamfunna. Kjekt er det og at vi kan rapportera både om rehabilitering og nybygg av båtar på Øyo. Ein færing hos Olsane har fått nytt liv, og ei splittar ny eke har sett dagens lys i Krikjen.

I arbeidet med Øyaposten er det ikkje vanskeleg å få tak i stoff. Vi har nok tema for ei rad nummer frametter, så hovudutfordringa er å prioritera. Det er og veldig kjekt å oppleve at alle som blir spurd om noko i samband med Øyaposten møter oss med stor velvilje og står på for å hjelpa. Stor takk til alle gode hjelparar og bidragsytare.

Vi minnar om at butikken har langope i påskeveka. No kan ein handla is og Øyaposten og andre godsaker heilt fram til klokka seks. Ei anna viktig hending i påskeveka er basaren på skjærtorsdag.

Ikkje mindre enn fem generasjonar (minst) *med band til Teigen har brukt denne færingen. Arvid og Jan Ove foran. I båten ser vi Martine, Johanna, Thomas og Martin.*

Færing i fem gene

Bilete er lånt av Ole Jan Olsen

Her ser vi Martin og sonen Olaf Martin Olsen med Snilstveitøy i bakgrunnen i same færingen. Olaf bygde etter kvart fleire båtar på låven i Teigen.

I ei tid der tre-fot-sjuka har gått over til ti-fot-sjuka og motorkraften er på linje med sjumilsstøvlar er det kjekt å sjå at ei over 100 år gamal sjekte som har vore i bruk gjennom fem generasjonar, framleis kan gi kjekke opplevingar for siste skudd på stammen.

Av Bjarne Øymyr

Det er ikkje få naust og uthus som har hatt liggjande ein gamal Strandebarmar på lemen. Mange har havna på jonsok-bålet, og mange ligg framleis bortstuva med mykje luft mellom borda. Men det finst heldigvis ein del som får ein betre lagnad. Ein av dei låg i nokre år i loo på Teigen (Olsane). I dag er båten sett i stand og i full bruk.





rasjonar!

Ingen veit kor båten er bygd, men då Martinius Olsen festa Teigen i 1911 fulgte færingen med på lasset. Det dreier seg altså om ein båt som kan vera godt over 100 år gamal. Ole Jan kan fortelje at han vart nytta til alt mogleg. Før ein fekk motorbåt brukte dei han gjerne til Skåla-turer. Marie og Margit brukte av og til færingen når dei skulle over på fastlandet for å lesa hos presten.

Færingen har hatt eit langt liv, og det er ikkje første gongen ho vert reparert. Olaf Olsen har skifta toftene i båten og skåre dei til med ulike former. Han har og reparert ein god del andre ting.

Færingen lå med store sprekker i borda da Arvid Nilssen og Jan Ove Frotvedt (begge svigersøner av Marie og Terje) satte i gang for å fikse han opp. Dei fekk han ned i naustet der han og tidligare heldt hus. Den største jobben var å skifta ut naglane. Ganske mange av dei var rusta. Naglehoda vart kappa av på utsida med vinkelslipar, og så var det berre å slå dei ut. Så klinka dei i nye naglar, men måtte og fylla i med tetningsstoff sidan ein del av nagelhola var blitt veldig vide. Ein del sprekker var det og i borda. Og her nytta dei asfaltin for å tetta best mogleg.

Arvid og Jan Ove brukte om lag ei veke på det meste av arbeidet. Og då dei sette færingen på sjøen synte det seg at ho vart tett allereie etter eit par dagar, så det var verdt innsatsen.

Båten har vore rigga med spriseil, og Arvid og Jan Ove har planar om å få rigga han opp igjen. Seila er ikkje heilt gode, så dei må bytast ut. Dessutan manglar det ror. Men Ole Jan har funne fram eit emne far hans, Olaf, hadde liggjande, og nå er planen å få på plass både ror, rigg og nye seil. Skal vi tru at færingen held i 100 nye år?

Krikjen Bygg Nr. 1!

På Øyo har det vore ikkje mindre enn 11 varv! Tidligare vart det bygd færingar og større båter nærast i ei kvar fjære Øyo rundt.

Av Bjarne Øymyr

Sist eit nybygg vart sjøsett var truleg ein robåt laga av Harry Øye, på slutten av 80-tallet. Etter den tida har det vore smått med båtbygging, sjølv om det har vore ein del reparasjonsarbeid på slippen på Gjertaneset.

I 2007 skriv vi historie når no det første nybygget i dette årtusenet vert gjort ferdig. Det er Harald Oma i Krikjen som står bak. Med hjelp frå båtbyggjarlærling Leon har dei gjort ferdig Krikjen bygg nummer 1. Riktig nok vart første byggjetrinnet gjort på Oma, men i haust vart eken transportert til Øyo.

Det er ei Eke på ni fot. Eigentleg er dette ein båttype ein gjerne nytta på vatn på austlandet – og det er ikkje uvanleg at dei kan vera 14-15 fot. Etter kvart har Eka funne vegen til Vestlandet, sjølv om den ikkje er veldig vanleg. Båten har form som eit egg. Her på vestlandet vert eka gjerne nytta som slepejolle og småbåt.

Harald har og bygd seg ein utrolig imponerande verkstad på låven i Krikjen. Her er det alle typer verktyg, og ikkje minst mykje gamalt spesialverktøy for båtbyggjing – både høvlar og hoggjern og ein masse som dei flest idag ikkje veit namnet på – og som ein ikkje akkurat finn i butikken. Til dømes rundhøvler og staffingshøvel. Omaslekta er ikkje nett nybegynnarar når det gjeld båtbygging. Både far hans og bestefaren bygde båter på Oma i Strandebarm.

Eka vert snart klar for dei blå bølgjene, og etter kva vi forstår vil det bli fleire nybygg frå Krikjen. Dette arbeidet vil sjølvsagt Øyaposten følgje frametter, og skulle nokon vera interessert i ein eke eller ein færing er det kanskje ikkje så dumt å ta ein prat med Harald Oma.

Harald Oma i Krikjen har isolert låven og laga til flott verkstad. *Her ser du han i lag med Bygg nr 1., ein eke på ni fot. Spesialiteten til båtbyggar Harald er strandebarmare.*

SKORPO

Skorpeøy i herleg skrud
ligg så fager som ei brud
inne i Hardangerfjord,
er den venast øy på jord.

Der imellom fjord og fjell,
drøymer søtt i stille kveld.
Og når sola går i vest,
samlast ungdommen til fest.



Ein isskurt fjellknatt i fjorden. Men like fullt heim og utkomme for mange gjennom hundreåra. Med naturskapte grenser mot omverda, men nett derfor eit tett samfunn, med gjensidig avhengighet til kvarandre. At dette skapte eit heimekjært folkeferd, ser vi av alle hyttene for dei som har røter i Skorpo, og Hanna Byrkjeland, dotter til Kristine og Lars Eidsvik i Longevåg, har samla kjærleiken til Skorpo i ein song.

Av Anders Havnelid

NAMNET SKORPO fins fleire stader og i mange variantar, som Skorvo og Skarvet. Alle desse er ord for berg og fins i stadnamn mange stader i fjorden. Dei næraste er Skorpo i Tysnes, eller Skorpetveit og Skarveland.

Det var den store landformaren, innlands-isen, som gjennom 80 000 år i istida, skurte fram Skorpo. Isen var særleg hard på handa her i det forholdsvis smale sundet mellom øya og fastlandet på austsida av fjorden. Det er få andre stader vi kan sjå så mange jettegryter i dei isskurte bergsidene.

Men fastbuande folk slo seg ikkje ned i Skorpo før omkring år 1000, altså i sein vikingtid. Og dei første vi veit namn på, budde her i 1500-åra. Dei budde der som i alle år har vore kalla «oppe i Skorpo». Tunet i det blå kalla forfattaren Herbrand Lavik denne garden, og øya kalla han Hatt. Så Skorpo kan smykka seg med sin eigen diktar. Han budde her i krigsåra 1940-45.

Slektene i Skorpo

Folket på Skorpo ættar frå to slekter. Den eine slekta kom frå den gamle slekta oppe i Skorpo. Ættefaren var Hallstein Arnoldsson Våge, f. 1605, og kona Karen Farteignsdotter. Ho var av Bagge-slekta i Valo. Dei kom til Skorpo i 1640-åra. Frå desse to ættar dei fleste på Skorpo, men sjølvsagt med mange inngifte frå bygdene nord og aust i fjorden.

Den andre ætta er Langballeslekta, som kom hit då Michael Hansson Langballe og kona Marianne Hertzberg kjøpte heile den gamle Skorpe-garden i 1835 av dødsbuet etter Nils Bugge. Bugge drukna ved ei kollsegling i Onarheimsfjorden.

Onarheimskyrkja

Ættefaren til folket i Skorpo, Hallstein Arnoldsson, bygsla garden av ulike eigarar, blant dei Onarheims-kyrkja, som åtte fleire gardar i distriktet. Men i 1738 kjøpte skorpebonden Bryngjel Nilsson, soneson til Hallstein, både kyrkja på Onarheim og gardane under kyrkja, og såleis også Skorpo. Dei var etter den tids rekning velståande folk, men dei hadde dessverre ikkje barn etter seg.

Søster til Bryngjel, Anna, gift med Olav Johannesson Omvik, fekk derfor halve garden og halve kyrkjeeiga, og slekta etter dei overtok heile Skorpo og Onarheims-eigedommane.

Men tidene var imot dei, og etterslekta makta ikkje å føra rikdommen vidare. Derfor vart garden og kyrkjeeiga seld som konkursbu til Nils Bugge i 1827. Det er desse lagnadsåra Herbrand Lavik skildrar i romanen Tunet i det blå.

Mange husmannsplassar

Dei no sjøleigande småbruka Persneset (Lundaneset), Vågen, Steinaneset (Fredheim) og Langevåg var frå først av husmannsplass under bonden i Skorpo.

Men det var mange andre plassar òg, som ikkje lenger har hus og folk. Det var Øredalen, Gjerde, Skjeljavika og Salbudalen, som har namn av saltutvinning der tidleg i 1800-åra.

Holmasletto

Dette var eit husmannsplass utanom dei andre. Hit kom to brør frå Ål i Hallingdal, Knut og Eirik Aslegard, i ein notbåt dei hadde kjøpt i Eidfjord. Dei drog båten på land, kvelvde han, og bygde vegger omkring med stein og torv.

Her budde dei i fleire år. Den eine, Eirik, vart gift 1853 med Johanne Ludvigsdotter Vågen, og fleire barn voks opp der ute under båten. Seinare flytte dei til Tysnes.

Michael Langballe møtte årleg opp ved båten og kravde inn nokre få øre i leige for Holmasletto, for elles kunne Aslegard-folket bu seg til eigedomsrett.

Før og no på Skorpo

Ei av dei som har hytte på Skorpo, Beate Lindeflaten, dotter til Margrete og Brynjulf Skorpen i Persneset, har skrive til Øyaposten om barneåra sine i 1930-åra på Skorpo:

Av Beate Lindeflaten

Biletet er teke ca ..... og me ser Brynjulf og Margrete Skorpen med den vaksne barneflokken. Bak frå venstre eldstemann Hans, så Halvard, Bjarne, Sverre, Øyvind og Arne. Framme fra venstre eldste dottera Helga Marie, Borghild, Beate og Margit.

Eg vaks opp på småbruket Persneset. Vi var ti sysken, seks gutar og fire jenter, som saman med mor måtte stå for arbeidet på bruket, for far var vekke på arbeid. Det var langt til butikken i Uskedalen, og ein måtte vera forsiktig med pengane i dei dagar, så det meste av maten henta vi frå småbruket og frå sjøen. Men vi hadde alltid mat og klær og varme senger - og, ikkje minst, god omsorg.

Gode naboar hadde vi òg.

I våre barneår visste vi lite om krig, så vi trong ikkje som born no engsta oss for krig. Det var ikkje radio og TV i den tida, så vi visste lite om verda omkring. Det var helst i skulestova i Langballe-tunet at vi fekk vita at verda var større enn Skorpo.

Vi var langt frå rike heime hos oss, men nett derfor sette vi så stor pris på det vi fekk av klær og sko, for ikkje å snakka om dei få leikene vi fekk. Far kom heim med eit kjøpt dokkehovud til oss jentene, og mor sydde klede til fillekroppen på dokka. Gutane fekk ein trehest på hjul, og du må tru vi alle sette pris på leikene!

Kvardagen til mor

Når eg ser meg om i hytta mi, tenkjer eg ofte: Tenk om mor kunne hatt det så lettvint! Ho hadde ikkje straum i huset. Ho måtte bala med vedkomfyr når ho koka eller vaska. Og ikkje minst når ho måtte baka brød og kakestomp (potetlomper) til den store barneflokken. For det var ikkje kjøpebrød og ferdigmat i heimane i den tida.

Til lys hadde vi parafinlampar, det var ikkje som no elektriske lampar i alle rom.

Mor hadde ikkje innlagt vatn. Vatnet måtte vi henta i ein brønn med to sinkbøtter som vi bar med åk (vass-sele) over skuldrene. Og når vaskevatnet skulle ut att, var det ingen utslagsvask.

Her i hytta kan eg, om eg vil, ha oppvaskmaskin og klesvaskemaskin. For mor var det sinkbalje for oppvasken, og vaskestamp og vaskebrett når klesvasken til ti barn skulle vaskast.

Om klær og sokkar hadde hol, var det ikkje snakk om å kasta dei. Då var det å setja bot på klærne og stoppa hola i sokkane. Og når dei største barna vaks ut av klea sine, gjekk klea i arv til dei yngre.

På grunn av røyk og os frå omnar og parafinlampar måtte vegger og tak i romma skurast fleire gonger kvart år. Veggene var trekvite, så det måtte skurekost til for å få vekk sotlaget. Dette var tungt arbeid med berre skurekost og vaskeklut til hjelp. Tenk om mor kunne gjort som oss og berre svinsa rundt med ein mopp på golv, vegger og tak som knapt nok er synleg skitne.

Utrusting

Når far, og etter kvart dei eldste syskena mine, var heimom frå arbeidet sitt, skulle dei ha ny utrusting av reine og heile klær. Då var det ikkje snakk om å kjøpa så sant mor kunne sy og strikka det dei trong. Tøy i metervis til klær kjøpte nok far med seg, men mor måtte gjera tøyet til bukser og kjolar for oss ungane.

Å kjøpa garn derimot kom sjeldan på tale. Vi hadde sauer, og ulla frå sauene karda og spann mor til garn, før ho så i seine kveldstimar strikka garnet til genserar, sokkar, luer og vottar. Det var ingen som hadde lovfesta kor mange timar ei mor kunne arbeida i dei dagar.

Tidleg krøkjast

Sidan så mykje av kvardagsstrevet fall på mor, måtte vi borna tidleg ta del i arbeidet. Og det hadde vi ikkje vondt av. Dessutan gjekk det sport i å kappast, å vera først, å vera raskast, å bera tyngste børa. Derfor vart mange av arbeidspliktene leik og kapping.

Persneset på Skorpen.

***Ein kunne saktens vera hest i bakkane i Persneset** når det var fleire spreke gutar å spenna for høyvogna.*

Vi måtte bera vatn til kyrne heile vinteren. Då kappsprang vi med kvar si bøtte eller spann, og såleis vart det berre moro. Det stod eit stort kar i fjosen, og det måtte fyllast kvar dag. Det var vår jobb.

På same måten var det når gutane hadde vore på skogen og hogge ved. Då kappsprang vi med kvar sin lange ved-strange på slep etter oss. Så var det å kubba veden med handsag og kløyva han med øks, før dei minste av oss fekk jobben med å legga veden til tørk i veda-la.

Om sommaren var det høyinga som gav oss mest arbeid, ved sida av lukinga i potet- og grønsakåkrane.

Dei eldste gutane slo høyet, viss ikkje far var heime. Så måtte vi andre breia det, venda det og setja det i såter, viss veret var godt nok til bakketørk. Elles måtte vi setja opp hesjar og henga høyet til tørk på hesjastrengene.

Vi hadde ikkje hest, så tørrhøyet bar vi i hus med tau på ryggen - og vi kappsprang for å vera først i løa.

Om hausten måtte potetene opp av jorda. Det gjekk føre seg med grev som løyste kvar potetplante ut med potetene på slep. Så var det å plukka dei opp i bøtter og bera dei i kjellaren. På same måten var det med gulrot og kålrot, som stort sett var grønnsakene våre.

Båten over fjorden

No set vi oss makleg til rette i motorbåten når vi vil til Uskedalen eller på tur. Den gongen var det robåten som måtte ut or naustet når vi skulle på sjøen. Når vi måtte ha noko på butikken, salt, sukker og kaffi for eksempel, og mjøl til brødbaksten og «kakestompen», som var daglegkosten vår, så måtte vi ro med båt over fjorden.

Slik var det òg når vi skulle henta nokon av våre som kom heim av arbeid.

Ikkje berre slit

Men ingen må tru at livet berre var slit og slep for oss borna. Vi hadde også mykje fri og mykje moro. Om sommaren var det heilt ubeskriveleg å hoppa i sjøen etter strev, svette og høyrusk i høyinga. Om vinteren rende vi på kjelke i Skjeljavikbakkane, med skrik og skrål og mykje lått. Spør om det smaka då å komma heim i ei varm stova der mor venta oss med kakao. Vi sat rundt stovebordet og fekk oss nonsmat, og kunne ikkje ha det koselegare.

Etter det tok mor seg «ein på øyra», som ho sa, og vi måtte vera musestille og la dokkene og katten vera i fred.

Kveld og natt

Når det nærma seg fjostid, galdt det å vera først ute og be om å få vera med i fjosen. Eg veit ikkje heilt kvifor det var så populært, men kanskje det var fordi ein då fekk ha mor for seg sjøl. Og sidan det var så gildt å få vera med i fjosen, måtte det gå på omgang, så det vart rettferdig.

Etter fjostid var det ofte at ein nabo såg innom, og det var gildt. Det kunne vera for å prata litt, eller for å låna noko. Vi hadde så gilde naboar, og lånte av kvarandre når vi mangla noko.

Om det var kveld og mørkt, så var det så trygt heime. Og når det leid på, kom det frå mor: «No må de gå og leggja dokke, bådn. Så kjeme englane og passar på dokke.»

Og englane kom, for ho las kveldsbøn med oss:

Gud og Fader, la oss sova under
englevakt i stova,
ver vårt ljos i natti du.
Når så siste dagen dalar, løft oss
opp i dine salar,
Lei oss over stjernebru.

Og eg såg engelen så tydeleg. Det var ein jente-engel. Ho var høg og rank, med kvit, fotsid kjole og veldig store venger. Ho stod på ein stein ved eldhuskjelda og heldt vakt. Ho stod der og smilte blidt til meg. Det såg eg så klart så klart. Men eg tenkte at det måtte vera to av dei, for den stakkars engelen måtte då få kvila!

Reiseliv

No reiser store og små verda over på ferie, til Tyrkia, Kreta, Gran Canaria, til Afrika eller til Thailand. Slikt visste vi ikkje om eingong. Men vi reiste, vi òg, på vår måte, som ikkje var mindre spennande.

Ein søndag om sommaren kunne far eller mor seia at i dag vil vi ro inn og besøkja Besto i Eidsvikjo. Då vart det liv i leiren.

Men først måtte vi eta middag, så vi kom inn til onkel Samson og tante Berta til kaffi. Berre det at den middagen smakte så dårleg! For kven kunne eta når vi skulle i besøk?

Så rodde vi innover med landet, og det var røyskatt-stilt på fjorden. Og vi gledde oss til å få komma til Eidsvikjo og leika med syskenborna våre der.

Men det aller gildaste var når vi rodde på langtur heilt til Havnalio, til tante Anna og onkel Andreas. For då starta vi laurdag etter kaffi, for det var så langt at vi måtte overnatta i Havnalio.

Ein av desse turane står for meg i ein eventyrglans. Syster mi og eg, 4 og 6 år, hadde fått nye kjolar - sydd av ein kveitemjøl-sekk. Med kulørt krage og oppbrett på ermane.



***Frå Steinaneset mot Englafjell** med Kaspar Hjelmeland og Tore Lote i fin driv.*

Folket på skjøyta er gjestene i bryllupet til Lars Eidsvik og Kristine Skorpen i 1924, *seinare busette i Langevåg. Frå venstre Bernt Langballe, Lars Skorpen, Andreas Kalven m. Borghild, Brynjulf Skorpen, Anna H. Kalven, Margrete Skorpen, Brita L. Eidsvik, (fleire ukjende barn) (ved Marta) Karen Haugse, Marie Skorpen Tveit, Marie og Ingeborg Våge, Alfhild Skorpen, (bak) Haktor Skorpen med Ingeborg Skorpen og Margrethe Langballe, Synnøva Skorpen, brureparet, ved styrehuset Brynjel d.e. Skorpen, (bl. fl. bak) Olav og Øystine Øye i Barmen, Olav Ljosnes, Kristoffer Hauge (Vik-) Anna Eidsvik, Johs. J. Øye, Alis Snilstveit, Agnes Hauge, Mikal Hauge og Samson Eidsvik.*
Ragna Langballe og Bertha Eidsvik er ikkje med her sidan dei stod for maten i bryllupsgarden Persneset.

Så fekk vi på oss kvite bomullsokkar og kvite tøysko. Vi var så fine at vi knapt torde røra oss.

Far plukka med seg eit stort spann med moreller. Dei skulle tante Anna få. Vi måtte spørja fint om vi kunne få smaka på kjøttmorellene på det treet.

Vi rodde på nordsida av øya. Å du, kor stor fjorden var! Ølve og Tysnes låg i ein blå dis, og langt bakom der var Amerika og Bergen, det hadde eg då greia på.

Men det var så langt, så langt å ro, så eg sovna visst. Vi sat på ein halmsekk, så det var mjukt og godt. Så eg visste ikkje ordet av før vi var i Havnalio, og onkel Andreas løfta meg og syster mi i land med sterke armar. «Skal sei de er blitt store jenter,» sa han og smilte.

Så var det rundt for å sjå på blomane til tante Anna, og altfor lenge, tykte eg, for eg var så svolten. Men endeleg vart vi bedne inn og til bords. Auga mine for lynraskt over bordet, og der var alt det eg lika aller best. Så fekk eg sitja ved sida av onkel, som smurde på skjeva til meg.

«Kva vil du ha på?» spurde han. Eg torde mest ikkje svara. «Egg og ansjos,» fekk eg endeleg kviskra fram. «Egg og ansjos skal bli,» sa han og la godt på. Å! At noko kunne smaka så himmelsk!

Etter nonsmaten var vi ute saman med Borghild, syskenbarnet mitt. Ho måtte berre syna oss alle dei spennande tinga sine. Det var kyllingane, og det var jordbærplantene. Eitt av bæra var såvidt blitt raudt. Borghild strekte seg under bærnota og fiska det fram. Så delte ho det i to, til syster mi og meg. Og aldri har eit bær smakt meg slik.

Dagen etter vakna vi til ny leik, og hadde mest ikkje tid å venta til dei vaksne endeleg var ferdige ved bordet. Så var det å takka fint for maten, i handa på tante og onkel, for vi måtte visa at vi åtte folkeskikk.

Vi likte dårleg då mor og far begynte å snakka om heimtur. Tante Anna meinte at veret var så fint, så vi kunne gi oss til litt til. Men far visste at roturen heimatt var lang og slitsam, så dermed var det berre å takke for oss og vinka farvel.

Synneva Skorpen, mor til brura på bildet.

Vi vil etter kvart vitja fleire stader på Skorpo, følg med!

17. mai biletet *fann eg i albumen til Hans Snilstveit som antageleg er fotografen. F.v. ser vi Ole Jan Olsen, Malvin Vasslid, Sigrid Snilstveit (gift Lepsøy), Harry og Ragnhild Øye, Jorunn Snilstveit (g. Berg), Gunnar Hallvard Førdedal?, Liv Soppaland, Sigrun Soppaland, Annbjørg Kalven (g. Kvanndal) og Annemor (Anna) Eidsvik. Gutane med ryggen til er navnlause.*

Prekevere - Å prekevera vert gjerne nytta om klargjering av fisk, slikt som sløying, vasking, tørking, filetering osb. Eit moderne ord for same operasjonar kan kanskje vera vidareforedling? Uansett, Øyapostredaksjonen har no annektert dette ordet til fleire ting. Til dømes «prekeverar» vi no matvarane når vi kjem heim frå butikken. Og hogger vi eit lite tre må vi sjølvsagt prekevera det for å få ved.

Sjå under: *Foran f.v. Gunn-Hilde, på fløyte - Gunnar Vethe (utlånt fra Voss musikklag) på baryton - Terje på saxofon - Nils Yngve Brudvik (utlånt fra Bergens musikkorps) på trompet - Gunnar Eide (utlånt fra Bergens musikkorps) på trompet - Andre rekke fra venstre: Kåre Eikefjord på tuba - Geir Øye på tenor - Arvid Nilsen på horn.*

Biletet er lånt av Gunnar Førdedal

Dei hadde hest hjå Gunnarane i byrjinga av 1930-åra. *Og om somrane fekk dei besøk av familien Thormodsen frå Haugesund. Her ser vi frå venstre Torleiv Thormodsen, fru Thormodsen, Hallvard og Anna Ask (Gunnars-Anno) som dreiv garden og Jenny Snilstveit, seinare gift Olsen. Bak i høylasset sit Lillemor og Addy Thormodsen.*

Biletet er lånt av Magne Snilstveit

I Oppigarden er det og sommar og tid for høyonn. *Dette biletet er teke ved Skomakerhaugen på byrjinga av 1930-åra. Også her er byfolk sett i arbeid. Frå venstre ser me sjefen i Oppigarden Hans Øye, dei to heilt til høgre er eldste sonen Thorbjørn Øye og dotter Elisabeth (Liso). Dei andre er feriefolk som vi i dag ikkje veit navnet på.*

Påsketur til Veten ca 1962. *f.v Torgeir (i Træet) Øye, Oscar Havnelid, Arne Havnelid, Toralv Øye, Sigrun Soppaland, Rigmor Havnelid og Marit Øye.*

Uoffisiell folketeljing 1958

Hordaland II gjekk i rutefart Stavanger - Bergen med stopp mellom anna på Snilstveitøy. *Ho var bygd i 1937 og var 35 meter lang.*

I 1958 tel Åshild Snilstveit, nygift med Magne Snilstveit 106 fastbuande på Øyo og Kalven. Her er telefon med hovedsentral i Hagen og 5 abbonentar.

Av Åslaug Snilstveit

Dei uoffisielle dataene syner at det er butikk her og, men 1958/59 er siste året for skulen på Øyo, og den har 12 elevar. Året etter måtte elevane med skuleskyss først til Seim, seinare til Rosendal. Av arbeidsplassar utanom bruka er her lite før slippen i Neset stod ferdig i 1962. Ca 16 bruk leverte mjølk med mjølkebåten som Leif Skorpen førte.

Her gjekk og rutebåt. Hardangerruta med Hordaland II gjekk i rute lika frå Stavanger til Bergen og var på sundagen innom Snilstveitøy kl. 22.45 i fylje gammal rutetabell frå 1955. Då kunne ein vera framme i Bergen kl. 07.15 måndag morgon. Altså ein tur på 8,5timar. Frå Bergen gjekk ho torsdag kl. 18.00 og var framme på Øyo klokka 01.00 fredag morgon, 7 timar, mao noko raskare. Til samanlikning tek same distansen to timar i dag. Hordaland II tok gjerne med seg både storfe til slakt, frukt, smør og andre varer. Rutetabellen var nok satt, men ikkje alltid like lett å fylja.

Rødne driv den nye rutebåten til Snilstveitøy i 2007. Og ny båt kjem i drift i mai. Ho vert ganske lik Rygerkongen på biletet utvendig.

© Kvinnemagen

Karna Snilstveit slutta i posten etter 40 år. Ho var postopnar på Snilstveitøy og heldt på til ho var 74 år. Då hadde ho styrt posten på øya sidan 1938. Då ho gjekk av, var det ca 25 husstandar på Snilstveitøy. Den nye postopnaren frå 1978 var Åshild Snilstveit, på biletet til høgre for Karna. I mars 1998 vart postkontoret nedlagt.

På Skorpo var i 1958 seks husstandar og 18 fastbuande. Det var dyr på alle bruka. Fire av desse leverte smør ein gong for veka. I 1958 er her ikkje lenger skule, den vart nedlagt i 1949 og skulehuset selt som hytte til Herbrand Lavik. Dei har skuleskyss og skuleåret 1958/59 er her fire skuleborn som går på skule tre dager i veko i Uskedalen.

Posten må dei henta sjølv i Uskedalen, men med god båt tek det ikkje meir enn 15 minutt å ro dit.

2007

Bjarne Eidsvik, postmannen på Snilstveitøy tel 15 fastbuande på Øyo og Kalven i dag. Ja og så er her nokre postkassar til hyttefolket. Dei får vel endå nokre rekningar dei og innimydle. Vi tel 9 hytter og to campingvogner på sjølva Øyo mens det på Kalven er ca 15 hytter. Også dei fråflytta plassane vert nytta til feriebustader.Bjarne hentar posten på Skåla kvar morgon og sørger for at posten og ikkje minst aviso er klar i kassane i god tid. Til butikkjen leverer han ferske brød og mjølk, tirsdag og fredag.

Butikkjen har ope kvar dag, med langopent på fredag til rutebåten har vore innom halv sju, så ein får handla når ein kjem.

Her er to bruk som er i drift. Det går mest i kjøt no for tia. Dei digra stutane vert frakta i spesiallaga kassar og heiste ombord i båt og henta på Skåla av svære trailarar.

I tillegg driv dei med sau i VetleEidsvik.

I dag er her ikkje skuleborn på Snilstveitøy.

Rutebåten er no ein snøggbåt som gjer 31 knop og susar avgarde til Bergen på 2 timar. Ho går ikkje til Stavanger men har siste stopp i Rosendal. Til gjengjeld kan ein reisa att og fram til Skåla frå Øyo tre dager i veko. Og det tek ca 2. minutt. Vel, det må seiast at her er ikkje plass til verken dyr eller traktor, men du kan kjøpa både aviser og kaffi og lade.

I dag tel Ole Kristoffer Vågen 7 fastbuande på Skorpo. Her er tre bruk med dyr. Sjølv har han mjølkekyr og kjinner og leverer smør i tillegg til at han driv med slipp. Andre har utegangarar. Heller ikkje Skorpo har skuleborn, men to av dei sju fastbuande er under fem år så arbeid arbeid for skuleskyssen ventar.

Her er ca 21 hytter i tillegg til dei fråflytta plassane som nyttast som feriebustad.

Rutebåten går ikkje hit, så både fastbuande og hyttefolket er avhengige av eigen farkost. Dei fleste har ordna seg med båtplass i båthavna i Uskedalen, hyttefolket er både folk som ætter herifrå, men og andre som har oppdaga den fine staden.

Me tek føremon om feil, her er mange tal. Med i den offisiell folketeljinga av 1960 kan ein sjå at folketalet for Snilstveitøy/Kalven er ganske lik våre tal for 1958.

GAMLE BÅTAR:

S/S CLUPEA



Clupea vart ombygd fleire gonger. *I Johannes Øye si tid var ho måla kvit som på biletet.*

Med fartstid på den flytande sildeoljefa

I januar mønstra dei på og kom gjerna ikkje heim før til påske. Frå Øyo og Kalven var dei spesielt mange. Ein av grunnane til at så mange var med herifrå var at Martin Hauge, som var frå Skorpo, var ein av dei som hyrte inn mannskap.

Tor og Johannes fortel, at her frå øyo var desse med: Tor Kalven , Hans Havnelid, Ingvald Førdedal, Johan Eidsvik, Johannes Øye, Øyvind Havnarås, Anders Snilstveit, Ole Vasslid, Øystein Øye, Brynjulf Skorpen og Martin Hauge, dei to siste frå Skorpo. Alle var ikkje med samtidig og kanskje var det fleire herifrå og. Det var og mange andre frå Kvinnherad som var med.

Clupea låg i opplag på Stord når det ikkje var sesong så folket gjekk ofte om bord der, etter nytt år. Johannes fortel at reisa til Leirvik tok ein heil dag. For dei om morgonen var dei gjerne ikkje framme på båten før om kvelden.

Clupea produserte mest i samband med det årlege vinterfisket av norsk vårgytande sild (Clupea Harengus) som på 1950-talet var på topp.

Den flytande sildeoljefabrikken Clupea for i januar og la seg der Vintersild fisket pågjekk som til dømes ved Smørhamn i Bremanger, Vågsvåg nær Måløy, Eggebønes, Hjørungavåg og Kristiansund. Dei låg der og tok i mot sild som dei lagde olja og mjøl av. Det dei produserte kom det andre båtar og henta og førte vidare. Sildamjølet var etterspurd til dyrefor. Vanlegvis vart fiskeriet av sild avslutta i slutten av mars. Så produksjonen ombord i Clupea vart då avslutta for denne sesongen og både skip og mannskap var som oftast heime til påske.

Clupea var og til Finnmark for å ta i mot Lodda frå fiskeflåten, og nokre sommrar var dei til Esbjerg i Danmark.

Alt dette pågjekk gjennom 1950-talet, men silda vart overfiska og 1958-59 fekk ein mykje mindre fangstar av sild så det var ikkje lenger økonomisk lønsamt å driva båten.

Båten vart difor selt til Frankrike, franskmennene ville bruka ho til mottaksbåt for fiskeflåten utanfor Vest Afrika. Tor Kalvenog Johannes Øye var med dei nye eigarane og gjekk Clupea til Vest Afrika i 1960. På vegen ville franskmennene setja dei i land i Le Havre, men dei vart no med lika fram.

Så nokre opplysningar om båten:

S/S Clupea (tyder sild på latinsk). Båten vart opprinneleg bygd som landgangsfartyg i England under krigen, men vart ikkje ferdig før krigen var slutt. Ho vart kjøpt inn ca 1948, av F. Bartz Johansen og Noregs sildesalgslag, og Den Norske Stat var også inne i bildet. Så vart ho bygd om til flytande sildeolje- og sildemjøl fabrikk. Dette vart gjort ved Stord verft og båten kom i drift i 1950.

Biletet er lånt av Johannes Øye



Clupea hadde base på Stord, men følgde silda. *Det vil seia at ho kunne vera på vinterfiske ved til dømes Smørhamn i Bremanger, Vågsvåg nær Måløy, Eggebønes, Hjørungavåg. Men ho vart og sendt til stader som Finnmark og Esbjerg. Dette biletet er teke i Leirvik Hamn på Stord i 1951. Dette er ein faksimile frå Firdaposten då dei hadde ein reportasje om båten torsdag 31. desember 1998. Fotograf er Leif Nilsen.*

Kjendsfolk med fartstid på S/S Clupea

Johan Eidsvik (på dekk)
Ingvald Førdedal (kommabas)
Tor Kalven (torko)
Martin Hauge (overstyrmann)
Øyvind Havnarås (mjøllageret)
Hans Havnelid (presso)
Brynjulf Skorpen
Anders Snilstveit
Ole Vasslid (messemann)
Johannes Øye (styrmann)
Øystein Øye (2. kokk)

(Brynjulf og Martin er frå Skorpo)

Ikkje lett å fanga travle karer i kameralinsa, *men her nokre av dei som arbeidde på Clupea og som var frå Øyo. Helst skulle alle karane vore samla på gruppebilete men Øyaposten fekk ikkje tia til å strekka til. Frå venstre ser vi Ole Vasslid som var med ein vinter på Clupea, Tor Kalven og Johannes Øye.*

brikken S/S Clupea

Tor Kalven og Johannes Øye arbeidde på Clupea i mange år. Dei var begge med og førte ho til Afrika i 1960. Johannes fortel at franskmennene var noko spesielle, dei ville hiva dei av på vegen, men vart stansa av assuranseforskriftene.

Lengda var 354 fot, om lag 7000 tdw, maskina var på ca 5200 hk

Ho var ein steambåt derav bokstavane S/S framfor navnet. Oljefyrt steam, vart nytta til drift av maskinar, fabrikk og anna utstyr ombord. Det var digre tankar ombord men også på land var det oppbevaringstankar til sildeolja.

Ved full drift rekna dei med ein produksjon på mellom 4-5000 hl. sild i døgnet, og ca 80-100 mann i arbeid.

Clupea vart bygd om fleire gonger, siste gongen etterat ho var seld til Frankrike og enda som mottaksbåt for fiskeflåten utanfor Vest afrika.

Kort tid etter at skipet ankom Port Etienne braut det ut brann ombord og dermed enda Clupea sine dagar i Vest Afrika.

Biletet er lånt av Johannes Øye

Staute karar, her er iallefall to Øyarar. *Sjå om du ikkje finn Tor Kalven, og Johannes Øye på biletet.*



Kor er dette? *Veit du kor dette er? Då vert du med i trekninga av eit gratis nr av Øyaposten. Send ein sms på 90096773 eller legg lapp i postkassen.*

Øyo-Bergen direkte

Etter nyttår vart det oppretta snøggbåt mellom Bergen og Øyo. Som kjent har Øyaposten ein filial i Bergen, og for redaksjonen har det vore fantastisk å berre kunne gå ned til kaia for å reisa mellom hovudkontoret og filialen. Det har heilt klart gitt ein langt betre arbeidsflyt i produksjonen. Redaksjonen kan berre tilrå denne reisemåten på det sterkaste.

Med Rygerkongen kjem du frå Rosendal på to minutt *og frå Bergen på to timar. Til Øya går han mandag, onsdag, fredag og søndag. Ruteplanen finn du på www.oyaposten.no*



Det er ikkje berre ute i den store verda dei bygge og greve. På Marineset er dei no i full sving. Her vert det ny hytta til sommaren.

Påskebasar

Det vart ikkje noko påskebasar i påska i fjor, og den vart sakna av mange. No har Snilstveitøy Båt og Velforening tatt initiativet til basar på Skjærtorsdag kl. 17.00. Vel Møtt!

Båthavn i Rosendal?

Som lesarar av konkurrerande lokalpresse vel allereie har fått med seg, er det no vedteke reguleringsplan for Skålavikjo. Reguleringsplanen tillet utbygging av båthavn to stader i Skålafjøro. Alternativ A - nedanfor Rimibygget, og Alternativ B ved elveosen utforbi kaien sør i Skålavikjo.

Det nye båtlaget Rosendal Båtlag satsar på alternativ A. Kontaktperson i båtlaget er Øyvind Lernes.

Ikkje utenkjeleg altså at ein i framtida ein gong kan legga båten trygt ifrå seg sentralt i Rosendal.

Påskenøtter

Kven vinn hovudgevinsten på basaren?
Kven har den største båten på Øyo?
Kor mange fot er den trur du?
Kva er ein færing?
Kva er ein trebøring?
Kva tru du nyebåten til Rødne kjem til å heita?
Kva er prekevera?
Kor høg er Veten?
Når du fileterer fisken byrjer du då framme eller bak?
Kva heiter stuterasen på Øyo?
Kor mange miniklyppetraktorar er det på øyo?
Kven har flest hytter - Kalven eller Skorpo?
Kor mange postkassar er det på Øyo?
Kor lang tid tek det å gå til Veten?
Kor mange prestegjeld kan du sjå derifrå?
Har ein sukker i kokevatnet til fisk?
Kva heiter bokbåten?
Kva for ein is er mest populær i butikken?
Kan du jeppa på pinnen?

Kven er dette?
Øyaposten lurer på om noken har sett denne karen? Kinn kan da vera?

Dei som har flest rett har vunne!

Tidlegare nummer av Øyaposten Det har ikkje vore mogleg å ordna opptrykk til påske, men etter planen vil vi ha klar opptrykk ut på vårparten.

Har du info eller bilete av båtar bygde på Øyo?
Vi ynsjer å skriva om båtvarvene
Ring 53 47 99 60 eller 90 09 67 73
tips@oyaposten.no

Øyaposten til sals i butikken

Opningstider vanlegvis:
mand. - torsdag 8-12, og 13.30-17
fredag 9-12 og 13.30-18.40
laurdag 9-12 og 13.30-15

Opningstider i påskeveka:
mand. - onsdag 8-12, og 13.30-18
påskeafta 8.00-15.00

Har du gamle bilete?
Av - hus eller folk - i arbeid - kvardag - eller fest - på Øyo før i tio. Del dei med fleire!
Vi avfotografarer dei gjerne på staden, eller scannar, (best kval.)
Åslaug 53 47 99 60
90 09 67 73

Øyaposten på nettet
Øyaposten finst og på nettet og er blitt populær - særleg for dei som ikkje har moglegheit for å vera mykje på Øyo. Nettutgåva inneheld små nyhende - og stadig nye bilete i serien «Øyo idag». Sjå www.oyaposten.no.

ØYAPOSTEN
www.oyaposten.no

Øyaposten kjem ut nokre gonger i året. Utgjeve på frivillig hobbybasis med støtte og innspel frå slekt og vener. Ho vert laga av Bjarne Øymyr og Åslaug Snilstveit. Bidragsytar i dette nummeret er Anders Havnelid og Beate Lindeflaten. Ein spesiell takk til Åshild og Magne Snilstveit m.fleire. Artiklar, bilete og innspel kan de senda på mail til: redaksjonen@oyaposten.no, eller pr post til: Åslaug Snilstveit, Hans Hauges gt. 8A, 5033 Bergen. Om sumaren: 5473 Snilstveitøy. Tipstelefon 90 09 67 73.

tips@oyaposten.no